



BORE KYRKJE

SETT - FAMNA - UTFORDRA

Møteprotokoll

Råd: Bore sokneråd
Møtestad: Bore kyrkjestove
Dato: 10.06.2020
Tid: kl. 19:00

Følgjande møtte:	Rolle
Elisabet Haarr	Medlem
Ivan Fjeld	Medlem
Jens Kåre Bore Stokka	Medlem
Jonas Meling Berge	Medlem - forfall
Marita Midtun Finstad	Medlem
Nicolai Homme	Leiar
Torunn Renate Bore	Nestleiar
Torill S Bøen	Vara - forfall
Elisabeth K. Jørgensen	Vara
Solfrid V. Skalvik	Menighetspedagog

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
20/031	Godkjenning av innkalling
20/032	Godkjenning av referat
20/033	Samtale om arbeidet - juni
20/034	Informasjon frå og til fellesrådet - juni
20/035	Ny gudstenesteordning i Bore 2020
20/036	Weekend 2020 og 2021 - Tonstadli
20/037	Møtedatoar hausten 2020
20/038	Orienteringar - juni
20/039	Leke gudstenesteleiarar i Bore

20/031 Godkjenning av innkalling

Forslag til vedtak:
Innkalling blir godkjent.

BS - 20/031 Vedtak:

Innkalling godkjent, kom eit tillegg: sak om lek gudstenesteleiarar i Bore.

20/032 Godkjenning av referat

Forslag til vedtak:

BS - 20/032 Vedtak:

Referat fra forrige møte godkjent.

20/033 Samtale om arbeidet - juni

Forslag til vedtak:

Bore sokn vil gjennomføra sommargudsteneste som opprinneleg oppsett, 12. juli og 2. august i Bore kyrkje. Eventuelle dåpsseremoniar må leggjast etter gudstenesta.

Tidspunkt for gudstenesta i Bore sokn 14. juni blir kl 10, dåpsseremoni kl. 11.15 og 12.00.

Soknerådet drøftar gudstenesta 21. juni og gjer vedtak i møtet.

Kan me læra noko av tida me har vore gjennom? Skal framtida bli ein kombinasjon av digital gudsteneste og fysisk frammøte? Det reiser ein del spørsmål, både når det gjeld bilete og lyd. Kanskje er det aktuelt å laga podcast av talen? Det må bli ein enkel måte å få dette gjort på. Kanskje teknikargruppa kan ta ansvar for dette. Dan-Egil vil bli spurt om dette.

21. juni - kjekt å få til noko for barn og familiar, men for alle. Ute med kombinasjon: samling og aktivitetar, i tråd med smittevernrestriksjonar. Me prøver å koma oss til Vollhallen, ute eller inne? Ei samling + aktivitetar. Kl 11. Kyrkjemeny på Esso. Tore blir spurt om å vera speaker.

BS - 20/033 Vedtak:

21. juni blir eit arrangement enten ved kyrkja eller ved Vollhallen. Esso blir kontakta ang. matserving.

Bore sokn vil gjennomføra sommargudsteneste som opprinneleg oppsett, 12. juli og 2. august i Bore kyrkje. Eventuelle dåpsseremoniar må leggjast etter gudstenesta.

Tidspunkt for gudstenesta i Bore sokn 14. juni blir kl 10, dåpsseremoni kl. 11.15 og 12.00.

Dåpsseremoniar til hausten vert lagt til laurdagar.

Lydgruppa ved Dan-Egil vil bli spurt om å ta ansvar for podcast.

20/034 Informasjon frå og til fellestrådet - juni

· Forslag til vedtak:

Bore sokneråd ynskjer at prosjektet vert gjennomført slik:

- a. Det vert sett ned ein prosjektkomite med representantar frå kyrkjevergen og soknet.
- b. Prosjektkomiteen søker råd hos ein utførande entreprenør for å sikre seg at budsjettet på MNOK 1,9 er realistisk og kan gjennomførast med god margin når ein også tek omsyn til at ein del postar i budsjettet vert lågare fordi det vert utført på dugnad
- c. Forutsett at avklaringa i punkt B ovanfor vert positiv så lyser prosjektkomiteen ut anbod på ein prosjektleiar som har ansvarsrett og forsikring.
- d. Prosjektkomiteen, saman med innleigd prosjektleiar gjennomfører utvidinga og organiserer dugnadsinnsatsen. Det offentlege anskaffelsesregelverket for kjøp av varer og tenester vert sjølvsagt fylgd.

Grunna utforutsette ting med omsyn til arkeologiske undersøkingar, må me avventa situasjonen til over sommaren.

BS - 20/034 Vedtak:

- Bore sokneråd ynskjer at prosjektet vert gjennomført slik:
 - a. Det vert sett ned ein prosjektkomite med representantar frå kyrkjevergen og soknet.
 - b. Prosjektkomiteen søker råd hos ein utførande entreprenør for å sikre seg at budsjettet på MNOK 1,9 er realistisk og kan gjennomførast med god margin når ein også tek omsyn til at ein del postar i budsjettet vert lågare fordi det vert utført på dugnad
 - c. Forutsett at avklaringa i punkt B ovanfor vert positiv så lyser prosjektkomiteen ut anbod på ein prosjektleiar som har ansvarsrett og forsikring.
 - d. Prosjektkomiteen, saman med innleigd prosjektleiar gjennomfører utvidinga og organiserer dugnadsinnsatsen. Det offentlege anskaffelsesregelverket for kjøp av varer og tenester vert sjølvsagt fylgd.

20/035 Ny gudstenesteordning i Bore 2020

Forslag til vedtak:

Soknerådet tek saka til orientering og avventar forslag til ny ordning utarbeidd av prest og organistar.

Staben vil utarbeida eit forslag og leggja dette fram for soknerådet 2. september.

BS - 20/035 Vedtak:

Soknerådet tek saka til orientering og avventar forslag til ny ordning utarbeidd av prest og organistar til hausten, truleg 2. september.

20/036 Weekend 2020 og 2021 - Tonstadli**Forslag til vedtak:**

Bore sokn held på planar for gjennomføring av weekend 2020 og drøftar weekend 2021 i møtet.

BS - 20/036 Vedtak:**Forslag til vedtak:**

Bore sokn held på planar for gjennomføring av weekend 2020 og vil ikkje bestilla weekend for 2021 på dette tidspunktet.

20/037 Møtedatoar hausten 2020**Forslag til vedtak:**

Bore sokneråd sine møte hausten 2020 blir: 2. september, 30. september, 4. november og 2. desember.

BS - 20/037 Vedtak:**Forslag til vedtak:**

Bore sokneråd sine møte hausten 2020 blir: 2. september, 30. september, 4. november og 2. desember.

20/038 Orienteringar - juni**Forslag til vedtak:**

Soknerådet tek saka til orientering

BS - 20/038 Vedtak:

Soknerådet tek saka til orientering

20/039 Leke gudstenesteleiarar i Bore

Behovet for leke gudstenesteleiarar er ikkje tilstades. Ordninga opphøyrer.

BS - 20/039 Vedtak:

Bore sokn vil ikkje søkja om å ha leke gudstenesteleiarar pr. nå.